

Utfordringar for prestar og undervisningsmedarbeidarar i dåpsarbeidet i Den norske kyrkja

Hans Austnaberg

VID vitenskaplige høgskole

Abstract

The purpose of the article is to explore the different emphases among leaders in dioceses and pastors/catechists in local congregations concerning challenges related to baptism in the Church of Norway. Findings in annual reports from two dioceses are compared with an empirical material consisting mainly of interviews with pastors and catechists in six congregations in these two dioceses. The selected congregations are urban and countryside, large and small, and a characteristic of parts of the context of these two dioceses is a strong low church or prayer house tradition. The article gives an empirical contribution by describing and exploring how different challenges come to the fore at the diocesan level and in the practical baptismal work in congregations. The main finding is that while the decreasing number of baptisms in the Church of Norway and how to deal with this is the focus in the annual reports from the dioceses, this theme is almost totally absent among pastors and catechists. Relational aspects, how to deal with the parents' lack of follow-up after baptism, and the desire of being open to all church members irrespective of their engagement in church activities are among the main concerns at the local congregational level. In a concluding reflection, the concepts of the church as a folk church and as a religious community serve as a theoretical perspective to enlighten the tension between diocesan and local congregational level, but also tensions among the respondents. The tensions seem to stem both from contextual and personal factors.

Keywords: Baptism, local congregation, pastor, catechist, folk church, religious community

Innleiing

Kva opptek prestar og undervisningsmedarbeidarar i samband med dåpsarbeidet? Dei to faggruppene er i førstelinetenesta når det gjeld arbeidet med dåp i lokalkyrkjelydane, og derfor er det dei eg har intervjuet i det Kyrkjerådsstøtta prosjektet «Det lutherske dåpssynet i trosopplæringa». Då eg gjorde feltarbeidet kom dåpsutfordringane som desse opplever først til overflata i sjølve analysen av det samla empiriske materialet. Ut frå merksemd i media og vektlegging på bispedømmeplan hadde eg forventa at nedgang i dåpstal ville bli tatt opp av

dei eg intervjuar, sjølv om det ikkje var eit eige spørsmål i intervjuguiden. Materialet viser likevel at dåpstal ikkje er spesielt vektlagde av respondentane. Ein av dei seier til og med at manglande oppfølging av dåpen frå foreldra si side er «eit større problem enn at dåpsprosenten går ned» (Ole). Problemstillinga for artikkelen er kva utfordringar prestar og undervisningsmedarbeidarar opplever i dåpsarbeidet, sett i relasjon til det som er vektlagt frå sentralt hald i bispedømmet. Eg viser i det fylgjande korleis nedgang i dåpstal er det store temaet i skriftlege dokument frå bispedømmet, og eit hovudfunn i materialet er manglande samsvar mellom det ein er opptatt av på bispedømmenivå og det ein er opptatt av på lokalplanet. Problemstillinga er beskrivande, og eg vil i det fylgjande gi eit empirisk bidrag til kva desse to faggruppene i seks kyrkjelydar i to bispedømme ser som viktige utfordringar i samband med dåpsarbeidet. For å gjera datamaterialet så tilgjengeleg som mogleg har eg derfor inkludert mange sitat i artikkelen.

Det er skriva fleire avhandlingar om dåp i den seinare tida, både i Sverige (Reimers, 1995, Hammar, 2009) og i Noreg (Høeg, 2008, Graff-Kallevåg, 2015). KIFO har gitt ut fleire rapportar som tek opp dåp som tema (Høeg & Gresaker, 2015, Rafoss, 2016), og særleg ved MF vitenskapelig høyskole er det produsert eit større tal masteroppgåver med tema dåp (Tinderholt, 2013, Valen-Sendstad, 2013, Moe, 2016, Vikre, 2017). I tillegg til dette blir det stadig gitt ut artiklar om temaet (Høeg, 2011, Norheim, 2012, Hegstad, 2017). Ikkje noko av denne litteraturen undersøker empirisk kva lokalkyrkjelydane er opptekne av når det gjeld dåpsarbeidet, slik eg gjer i denne artikkelen. Derfor meiner eg at mitt empiriske bidrag til samtalen omkring dåp vil utfylla kunnskapsbasen vår om temaet.

Kvifor er det viktig å undersøka kva ein er oppteken av i dåpsarbeidet på lokalplanet? Mitt materiale vil gi eit empirisk fundert bilete av kva prestar og undervisningsmedarbeidarar opplever som utfordringar når det gjeld arbeidet med dåp, ikkje kva leiarar i bispedømmet ønskjer eller antar at dei tilsette er opptekne av. I denne artikkelen er dette mi primæroppgåve. Sett i eit leiingsperspektiv kan ei avdekking av lokale problemstillingar gi leiarar i bispedømmet verdfull kunnskap om kva som rører seg på lokalkyrkjelydsplan. Kompleksiteten i utfordringane på lokalplanet må vera utgangspunkt for vidare samhandling. I ramma av prosjektet «det lutherske dåpssyn i trusopplæringa» er det interessant å sjå korleis ikkje berre ulike kontekstar, men òg ulike ekklesiologiar synest å liggja under utfordringane på lokalplanet i kyrkja.

Eit markert fokus i omtalen av dåp dei siste fem åra har vore nedgang i dåpstal, og fleire undersøkingar har vist kor omfattande denne nedgangen har vore (Salthe, 2012, Høeg & Gresaker, 2015). Å demma opp for denne utviklinga har vore ei prioritert oppgåve, også i dei to bispedømme der eg utførte feltarbeidet, slik eg vil visa i det fylgjande. Etter å ha kartlagt dette gjennom ein analyse av årsrapportar frå bispedømme, vil eg i analysen av det empiriske materialet presentera kva prestar og undervisningsmedarbeidarar er opptekne av i samband med dåpsarbeidet, noko som vil visa at temaet dåpstal er svært lite framme. Ei hovudhensikt med artikkelen er nettopp å visa korleis bispedømmenivå og lokalkyrkjenivå er opptekne av forskjellige ting. Eg avsluttar artikkelen med nokre oppsummerande refleksjonar omkring fol-

kekyrkje og trusfelleskap, som eg meiner kan kasta lys over skilnadene mellom bispedømme- og lokalkyrkjenivå, samt over spenningane i det empiriske materialet. Men først vil eg kort presentera feltarbeidet mitt.

Metode og materiale

Ei kvalitativ undersøking

Artikkelen byggjer på materiale frå ei empirisk undersøking i 2017 i totalt seks kyrkjelydar i Bjørgvin og Stavanger bispedømme, i det Kyrkjerådsstøtta prosjektet «Det lutherske dåpssynet i trusopplæringa». Etter samtalar med rådgjevarane for trusopplæring ved bispedømmekontora blei tre kyrkjelydar i kvart bispedømme kontakta. I utvalet av kyrkjelydar brukte eg Harald Hegstad si inndeling i kyrkjelydstypar: folkekyrkjetypen, arbeidskyrkjetypen og bedehuskyrkjetypen (Hegstad, 2008:156-159). Både by og land er representerte og større og mindre kyrkjelydar. Datamaterialet består av observasjon av dåpssamlingar og 12 individuelle djupintervju med sokneprest/prest og kateket/kyrkjelydspedagog. Eg valde intervju som datainnsamlingsform sidan eg særleg var ute etter å få fram deira djupforståing av dåp og korleis dei formidla dåpen. Kvart av intervjuet varte ca. ein time. I artikkelen gir eg alle personane fiktive namn og omtalar dei vidare i artikkelen av anonymitetsomsyn som «prest» og «kateket». Fem var sokneprestar og ein var spesialprest. Det var to kateketar, tre kyrkjelydspedagogar og ein trusopplæringsleiar. To av prestane og tre av kateketane er kvinner. Tre prestar og fem av kateketane er mellom 41-50 år. Ein prest og ein kateket er 51-60 år og to prestar er 60+. Alle har lang erfaring.

Analyse av materialet

Alle intervjuet er transkriberte verbatim, og eg har koda materialet ved hjelp av dataverktøyet NVivo. I kategoriseringa og analysen av datamaterialet har eg i samband med denne artikkelen særleg leita etter kva respondentane ser ut til å vera mest opptekne av og kva dei opplever som utfordringar i dåpsarbeidet. Det er ei tematisk samanstilling av dette empiriske materialet eg presenterer nedanfor. Nokre av respondentane set ord på dette. Hos andre tolkar eg det dei særleg sterkt understrekar som viktig for dei, som ein peikepinn på tema som utfordrar dei. I gjennomlesinga av heile intervjuet i samanheng har eg leita etter tema som kjem opp igjen hos fleire av respondentane, uavhengig av dei konkrete spørsmåla i intervjuguiden. Eg starta med å analysa materialet ut frå kyrkjelydstypar (Hegstad, Aagedal, & Selbekk, 2008, 156-159). Det kan synast som om nokre av utfordringane er meir til stades i éin kyrkjelydstype enn i ein annan,¹ men materialet er for lite til å seia noko sikkert om dette. Det eg tematiserer ser ut til å finnast i fleire eller i alle kyrkjelydstypene. Eg har òg prøvd å analysa materialet ved å sjå på prestar og kateketar som eigne grupper. Heller ikkje her ser det ut til at ei slik deling gir noko ekstra til analysen, sjølv om det finst nokre forskjellar.²

¹ Lågare oppslutning om trusopplæringstiltak i folkekyrkjetypen, medan i bedehustypen kjem ønsket om ikkje å laga skilje mellom innanfor og utanfor sterkest fram.

² Det mest markante er at kateketar i liten grad ser ut til å formidla dåpsteologi (t.d. i dåpssamlingane). Likevel har dei si teologiske forståing av dåpen.

Eg har gjort eit medvite val om å arbeida etnografisk med feltmaterialet, slik at det skulle bli mogleg å oppdaga tema som kom til syne undervegs. Spesifikke analytiske kategoriar styrer det ein ser i materialet i bestemte retningar, noko eg har prøvd å unngå. Likevel må eg erkjenna at sjølve utvalet av kyrkjelydar ut frå typar allereie inneber eit analytisk perspektiv. Dette gjeld særleg tilhøvet mellom folkekyrkje og trusfellesskap, ei spenning som òg pregar noko av konteksten i dei to bispedømme eg har valt ut. Sidan artikkelen har som mål å gi eit empirisk bidrag, vil eg venta til den avsluttande drøftinga med å trekkja fram eit teoriperspektiv til forståing av denne spenninga.

Analyse av årsrapportar frå bispedømme

Kva er fokus for dåpsarbeidet, sett frå bispedømmet sitt perspektiv? Rådgjevar for trusopp-læring i Bjørgvin bispedømme, Sverre Johan Nærheim, opplyser at kyrkjelydane og dei tilsette har fått stadige påminningar om dåpen gjennom fokus på dåpsarbeid i andre bispedømme og frå sentralkyrkjeleg hald. Det har blitt tatt opp i årsrapporteringar, på samlingar og i prostesamtalar. Dessutan har reformasjonsmarkeringa med studium for alle prestar i bispedømmet løfta fram dåpsteologien. Bispedømmet si erfaring er at dei fleste kyrkjelydane har ein tanke rundt dåpstal og at mange arbeider strategisk med dåpssamtalen. Han viser elles til bispedømmet sine årsrapportar og strategiplanen for 2018-2020 (Nærheim, 2018). Rådgjevar for trusopp-læring i Stavanger bispedømme, Cecilie B. Pedersen, skriv at dåp alltid er eit tema på visitasar og at kyrkjelydane på årsrapportsamtalen i trusopp-læringa blir spurde om dei kjenner dåpstala sine og korleis dei arbeider med dåp. Det inneber invitasjon til dåp, dåpssamtale/-samling, dåpsgudsteneste og oppfølging av medlemmer som ikkje melder barna opp til dåp. Dei understrekar i samtalan at fleire enn presten må ha eigarskap til dåpsarbeidet, men det er ennå slik at dåp er litt presten sitt domene (Pedersen, 2018). Bispedømme sine offisielle tankar kring dåpsarbeidet er særleg nedfelt i årsrapportane, og sidan feltarbeidet i prosjektet gjekk føre seg i 2017, har eg valt å avgrensa undersøkinga til årsrapportane frå bispedømme for 2016 og 2017.

Bjørgvin bispedømme

Alt i innleiingsdelen av 2016-rapporten blir det skriva om «alvoret i dei siste åra sin sakte nedgang i dåpstal...», men rapporten seier samstundes at tal på dåpar synest å ha stabilisert seg i 2016 (Årsrapport 2016, 3). Rapporten har eit eige underkapittel om dåp og trusopp-læring, der det første resultatmålet handlar spesifikt om dåp: «Oppslutninga om dåp aukar.» Tala for 2016 er ennå usikre, men trenden med nedgang frå tidlegare år (5 % siste fem år) verkar å ha snudd noko, blir det hevda. Tabell 8 viser likevel at dåpsprosenten av fødde i Bjørgvin har gått frå 74,8 % i 2011 til 64 % i 2016, altså ein nedgang på over 10 prosentpoeng (Ibid., 13). Prostia i Bergen, som alle viser oppgang i dåpstal, blir særleg framheva. Her har ein arbeidd med forbetring av informasjonsmateriell, rutinar og fleksibilitet rundt melding av dåp (Ibid., 12).

I årsrapporten for 2017 er ein framleis mest oppteken av dåpsprosenten. Tala viser likevel at det er ein liten oppgang over tid på prosent døypte eittåringar av medlemmer og tilhøyrande:³ Frå 77 % i 2014 til 80,4 % i 2017. Éi mogleg forklaring på dette er at «merksemd rundt å få fleire til å døypa gjev noko positivt utslag» (Årsrapport 2017, 12). I rapporten sitt underkapittel om dåp og trusopplæring er det strategiske målet at «Fleire søker dåp og trusopplæring», og resultatmålet når det spesifikt gjeld dåp er at oppslutninga om dåp aukar (Ibid., 20). Sjølv om talet på dåpshandlingar har gått kraftig ned i 2017 (minus 8,5 % endring frå året før), ser ein at dåpsdelen av 1-åringar har ein liten auke. Konklusjonen i årsrapporten dreg av dette er at «oppslutninga om dåp blant medlemmene er relativt stabil» (Ibid., 21). Den vurderinga som blir gjort i møte med desse tala er at trenden med nedgang i dåpar over fleire år er kritisk for kyrkja. Det blir likevel vist til at tala kan botna i lokale variasjonar i fødselstal.

Samla blir det sagt at «nedgangen i dåpshandlingar først og fremst er nedgang i årskull og i liten grad er at færre medlemmar bringer borna sine til dåp» (Ibid., 21). Konkrete tiltak nemnde i rapporten er ei arbeidsgruppe i Bergen som har jobba med å fornya dåpsinvasjonar og dåpspåmelding, utan at effekten av dette har vore målbar. I Åsane kyrkjelyd har ein ringt dåpsaktuelle foreldre, men prosjektet blei avslutta då det ikkje gav auka dåpsprosent. Sunnhordland har hatt eit eige prosjekt om dåp, der dei jobba tverrfagleg med kontakt med dåpsfamiliar, dåpssamtale og måten dåpsfølget blei møtt på i kyrkja. Ein ser her ein liten auke i dåpsdelen av 1-åringar, og ein følgjer utviklinga vidare for å sjå om tiltaka bør utvidast til heile bispedømmet (Ibid., 21). Dåpshandlingar delte på fødselstal i 2005-2007 var rundt 84 %; nå ligg dette talet på rundt 60 %. Som ei delforklaring på dette blir det i rapporten peika på at mange frå EU-land i denne perioden har fått arbeid i Noreg, og at barn av desse innvandrane ikkje har evangelisk-luthersk bakgrunn. Det er derfor ikkje naturleg at desse barna blir døypte i Den norske kyrkja (Ibid., 22). I eit underkapittel om styring og kontroll i verksemda blir dåp særskilt nemnt, og at oppslutninga om dåp framleis er fallande og det «til dels kritisk». Bispedømmet har ikkje hatt særskilde og større tiltak om dåp, men vil sjå på erfaringar frå andre bispedømme. Det har særleg vore arbeid med å sikra kvaliteten i møte med dei som melder dåp, og dåpsattsinga i Sunnhordland prosti blir nemnt som ein mogleg veg vidare.

Stavanger bispedømme

I innleiinga til 2016-rapporten blir nedgangen i dåpsprosent rekna opp som eitt av to område der bispedømmet ser utfordringar.⁴ Prosenten fell ikkje like raskt som før og nokre stader er det ein positiv effekt av den regionale dåpsaksjonen, blir det hevda (Årsrapport 2016, 4). I kapitlet om aktivitet og resultat i løpet av året har rapporten eit underkapittel med same ordlyd som Kyrkerådet sitt fokusområde: «Fleire søker dåp og trusopplæring.» Nøkkelindikatoren er «prosentdel døypte av tilhøyrande».⁵ Utviklinga i talet for dåpar dei siste fem åra viser ein nedgang av «kyrkjetilhøyrande» frå 87,1 % i 2010 til 81,3 % i 2015. Dåpsprosenten av fødte var 71,6 % i 2010 og 56,7 % i 2015. Aksjon Dåp, som starta i 2014, involverte 67 av 92 sokn.

³ «Tilhøyrande» er ei nemning på barna der berre éin av foreldra er medlem i Den norske kyrkja.

⁴ Det andre området er uro for utviklinga innanfor kristent ungdomsarbeid.

⁵ Her synest «tilhøyrande» å bli brukt som eit samleord som omfattar både medlemmar og familiar der berre éin av foreldra er medlem.

Det blei utarbeidd ei verktøykasse⁶ og to reklamefilmar for kino; den eine av desse er òg blitt mykje brukt på dåpssamlingar. Rapporten hevdar at aksjonen har ført til at kyrkjelydane tek utviklinga på alvor og har fått eit fokus på konkrete tiltak. For å få eit nærare samband mellom dåp og trusopplæring har stadig fleire kyrkjelydar dåpssamlingar i staden for dåpssamtalar. Det har vore fokus på korleis kyrkjelydane inviterer til dåp på nettsidene sine (Ibid., 21). Konkrete tiltak, som barselbesøk på døra med invitasjon til dåp eller ei spanande brosjyre i posten bli nemnde, og rapporten seier at dåp er blitt eit tema i det offentlege rommet gjennom kinoreklame og kyrkjelydsblad. Det blir hevda at nedgangen i dåpstal ser ut til å flata ut, og oppgangen nokre stader blir tolka som at det særlege fokuset på dåp har vore vellukka (Ibid., 22). Det blir sagt at det internt i kyrkja er viktig å vektleggja kva dåpen betyr for å møta dei som er usikre på dåp med at kyrkja er open og at dåpen er viktig. Dette blir kalla ei av dei store pedagogiske utfordringane bispedømmet har (Ibid., 23). Trass i positive signal blir det konstatert at dåpstala går nedover, særleg i dei store byane, og at det er urovekkjande (Ibid., 26). Det blir hevda at oppslutninga om konfirmasjon framover vil vera viktig for oppslutninga om dåp. Derfor ønskjer ein dei neste åra ei satsing på dåp og konfirmasjon (Ibid., 30-31). Fallande oppslutning om dåp blir òg tatt opp som eit tema i kapitlet om styring og kontroll. Det blir hevda at nedgangen har snudd nokre stader og at tempoet er redusert, men at det generelt i bispedømmet er nedgang (Ibid., 52). Når det gjeld framtidsutsiktene seier rapporten at det er grunn til å tru at «det er godt fokus på dåpsarbeid i kyrkjelydane» (Ibid., 56).

Innleiinga i årsrapporten for 2017 slår fast at det gjennom satsing på dåp ser ut som om trenden med færre dåpar har snudd, og at aktiv invitasjon og god tilrettelegging gir resultat (Årsrapport 2017, 3). I underkapitlet om dåp og trusopplæring blir det nå slått fast at «Oppslutninga om dåp aukar». Nøkkelindikatoren er framleis prosentdelen døypte av tilhøyrande. I 2017 blir 81,7 % av 1-åringar av kyrkjetilhøyrande døypte (Ibid., 19). Meir kunnskap om kva foreldre tenkjer om val av dåp blir etterlyst, og det blir slått fast at haldningane foreldra har til kyrkja og til dåp er den største risikofaktoren. Det blir hevda at «Verktøykassa for dåp» frå Aksjon Dåp er blitt ein permanent ressurs i det ordinære arbeidet i kyrkjelyden. Framleis ser ein det som positivt å kopla saman dåp og trusopplæring på dåpssamlingar. Det blir vist til at nokre av dei kyrkjelydane som har satsa mest på dåp har hatt ein markert auke i oppslutning om dåp (Ibid., 20). I ei tid der dåp ikkje er sjølvstøtt viser erfaringane frå bispedømmet at «ei kyrkje som aktivt tilbyr og legg til rette for dåp får positive resultat» (Ibid., 21). Det blir lista opp fire suksessfaktorar som går igjen i dei kyrkjelydane som aukar eller klarer å halda på høge dåpstal: 1) ein er oppteken av å utvikla dåpsarbeidet, 2) fleire enn presten er involvert, 3) eit aktivt tilbod om baby- og småbarnssong og 4) eit godt kommunikasjonsarbeid rundt dåp (Ibid., 21). Konklusjonen er at oppslutning om dåp framleis er ei sentral utfordring, og det blir hevda at det tel mykje for dåpsutviklinga korleis ein i stort er kyrkje mellom folk (Ibid., 21).

⁶ Sjå <https://ressursbanken.kirken.no/nb-NO/2017/dap/#na>, sett 180718.

Analyse av funn i materialet

Kva er så utfordringane i dåpsarbeidet for prestar og kateketar? Temaorganiseringa eg har valt nedanfor spring ut av ei gjennomlesing av feltmaterialet, der eg særleg har vore merksam på kva respondentane peikar på som utfordringar i samband med dåpsarbeidet. Stort engasjement for ei sak har eg òg tolka som eit indirekte peik på det som utfordrar dei mest.

Manglande oppfølging av dåp og trusopplæring

Ole kateket er opptatt av korleis foreldra følgjer opp dåpen. Når dei sit på dåpssamlinga trur han dei har eit ønske om å fylgja opp, men det er så mange ting som tek merksemda deira. Han ser si oppgåve i å hjelpa foreldra med å fylgja opp dåpen, og der meiner han kyrkja har ein stor jobb å gjera. Han opplever likevel at det er eit misforhold mellom det foreldra og fadrane lovar under dåpen, og det dei faktisk gjer. Han spissformulerer seg når han seier:

Eg synest den største utfordringa er at det er så mange som ikkje følgjer opp. Det synest eg er det største problemet me har. Det synest eg er eit større problem enn at dåpsprosenten går ned.⁷

Denne utsegna kom då eg mot slutten av intervjuet spurde etter andre innspel enn det eg spesifikt hadde tatt med i intervjuguiden. At han av seg sjølv set oppfølging av dåpen opp mot nedgang i dåpsprosent synest å peika i retning av kva som har vore vektlagt frå leiinga i bispedømmet si side og kva han sjølv ser som hovudutfordring. Berre Selma kateket nemner spesifikt dåpstal. Ho seier at «det ligg på hjartet mitt» at dåpstala har gått ned, men ho går straks over til å snakka om andre ting. Mitt inntrykk var at ho opplevde andre ting i dåpsarbeidet som meir utfordrande.⁸

Marit prest har ein draum, nemleg at alle som er døypte skal få veksa opp i den trua dei er døypte til, få nye møte med Gud, og bli bevisstgjort på trua. Ho seier at mellom anna dåpsfasen gir ein høve til dette i forhold til foreldra. Men så spør ho seg sjølv: «Er dette ei altfor stor oppgåve for kyrkja? Er me på veg til å skli ut?» Kva ho spesifikt meiner med dette utdjupar ho ikkje, men ho synest å understreka oppgåva kyrkja har til å fylgja opp dåpen. Ho seier at det er ei enorm drivkraft i å vera kyrkje, «at det nettopp er alle desse som er døypte me skal ha med i den kyrkjelege fellesskapen».

Vemund kateket er òg oppteken av oppfølginga av dåpen og låg oppslutning om tiltaka dei tilbyr i trusopplæringa. «Me ligg lågast i byen,» seier han. Dei sender brev og informerer på internett, men det synest ikkje å vera godt nok. «Det er kanskje andre grep som må takast for at dei [foreldra] skal oppleve det som ei forplikting å senda barna på trusopplæringstiltak?» undrar han. Han erkjenner det som sitt dilemma at dei er blitt svært fokuserte på tala i trusopplæringa, og dei har verkeleg «kjempa» for å få betre tal. Mellom anna ringde han

⁷ Av omsyn til anonymisering har eg konsekvent brukt nynorsk som målføre i sitata, som elles i artikkelen.

⁸ Som det å snakka om dåpen i kyrkjelege og kvardagslege samanhengar og korleis dei skulle klara å vera ei «skikkeleg» folkekyrkje. Jf. nedanfor om tryggleik og relasjon og spenninga mellom folkekyrkje og kyrkjelydskjerne.

foreldre for å få fleire deltakarar på eit tiltak. Det kravde ekstra innsats, men han er stolt over å ha klart det. Problemet med talfokuset er at han lett kjenner mismot når tala ikkje er så høge som dei skulle ønskja. Dette med mismot blir òg nemnt av Nina, kateket i den andre folkekyrkjetypen i storbyen. Dei har svært låg oppslutning om tiltaka, gjerne berre 10 %, og ho seier at det er lett å kjenna seg trist og lei. «Det gjer at eg av og til tenkjer: ‘Nei, nå går eg tilbake til skolen. Der kjem jo i alle fall barna kvar dag’.» Ole kateket fortel at han nokre gonger får ei kjensle av at dei er oppe til eksamen kvar gong dei gjennomfører eit tiltak: «Nå må det bli ei bra fireårsstudieneste, slik at dei kjem igjen neste gong.»

Med låg oppslutning og foreldre som ein opplever ikkje fylgjer opp det dei lova i dåpen, er det lett å tenkja som Vemund kateket, at då må fokuset deira bli på «å ta godt imot dei som kjem, slik at dei får ei god oppleving og god undervisning». Vegard prest er samd i denne strategien. Han seier at dei sjølv sagt prøver å nå alle døypte, men «me må ikkje berre tenkja breidde. Me mistar noko i djupn og kvalitet viss me berre tenkjer breidde.» Han har i mange år kjempa med premissa i trusopplæringa, der tiltak som ikkje berre var punktvis, men der dei greidde å gi verkeleg trusopplæring, ikkje blei telt med som trusopplæring i statistikken. Ole kateket set ting på spissen: «Er det betre å møta 80 % med ein slik happening, eller er det betre å møta 20-30 % med noko som gir skikkeleg innhald og grunnlag for vekst?» Sjølv svarar han med å seia at han vil byggja opp dei som verkeleg vil noko. Derfor brukar han t.d. ein del av arbeidstida si på å driva sundagsskule. Ole meiner likevel at breiddetiltak absolutt har sin verdi: Barna får eit møte med kyrkja og forhåpentlegvis får dei lyst til å koma attende. Han ser dette som eit dilemma, som det er vanskeleg å koma unna.

Korleis skapa tryggleik og ein god relasjon?

Fredrik prest i bedehusland understrekar tryggleik og relasjon som avgjerande i møte med dåpsfamilien:

Det er ikkje liturgien som gjer det bra. Det er korleis ein formidlar ting, kva ein formidlar, på kva slags måte. [...] det handlar ein del om kva relasjon det blir med dåpsfamilien.

Det er ikkje kva setningar som blir brukte, men korleis det er i kyrkja totalt sett [...] det handlar først og fremst om korleis dei kjenner seg sett, velkomne og inkluderte i gudstjenesta [...] og at dei ikkje blir sett på som ein pest og ei plage.

Konteksten for utsegnene er dåpsliturgien, som nettopp er blitt revidert. Ifølge Fredrik er slike ting lite avgjerande i forhold til den relasjonen han ønskjer skal bli skapt. Han utdjupar ikkje kva han meiner med at dåpsfamiliane kan bli «sett på som ein pest og ei plage», men det er ei sterk utsegn. Fredrik må ha opplevd haldningar i den retninga sidan han brukar slike ord. Finst slike haldningar mellom kyrkjeleg tilsette som tek imot dei som ønskjer dåp? Eller finst dei hos dei meir faste kyrkjegjengarane, som synest for mange dåpar i gudstjenestene er forstyrrande?

Nina kateket i storbyen seier at hennar kjepphest er at dei tilsette i kyrkja brukar for mange ord; ein bør heller opna opp for samtale.⁹ Det som verkeleg gir henne mot, er når ho

⁹ Konteksten her er særleg dåpssamlinga, men det synest å gjelda meir generelt for henne.

opplever at dåpssamlinga rører ved nokon i familien. Ho seier ho er opptatt av at kyrkja aktivt skal leggja til rette for dette. Sjølv har Nina ein nydeleg songstemme og under dåpssamlinga song ho salma «Sov du lille, sov nå godt» (Norsk salmebok, 589), som såg ut til å røra ved dåpsfamiliane. Ho seier: «Eg trur ikkje alltid det kan løysast berre med ord. Eg trur på det å treffa nokre strenger inni dei som kjem til kyrkja.» Korleis klarer så kyrkja å leggja til rette for at dåpssamlingar og gudstenester i samband med dåp rører ved dei som kjem? Ifølge Nina er denne opplevinga/erfaringa viktigare enn kva ord som blir brukte.

Selma kateket er særleg oppteken av at «det praktiske må koma først, for eg trur det er den måten me menneske er skrudde saman på [...] litt sånn at me treng å bli trygge først». Dette legg ho til rette for i samtalen med foreldra på babysong, når dei et nista si saman etter babysongen, og med barn på trusopplæringstiltak der dåpen er tema. Dette er viktig pedagogikk for Selma. Hennar understreking treng ikkje bety at orda og teologien er uviktige, men det har mykje å bety kva som kjem først – slik at det kan skapast tryggleik og ein god relasjon.

Kven er innanfor og kven er utanfor?

Det er mange tema i samband med dåpsarbeidet som kan trigga spørsmålet om å vera innanfor eller utanfor den kristne fellesskapen: Dei lutherske vedkjenningskriftene seier at dåpen er nødvendig for frelse. Det blir diskutert om babyen er Guds barn eller blir Guds barn i dåpen, korleis ein skal tenkja om udøypte, kva tilhøvet er mellom dåp og tru, og kva tilhøvet er mellom dåp og (manglande) oppfølging. Tematikken om kven som er innanfor og utanfor synest å vera viktig for fleire av respondentane å ta opp – særleg i bedehuskyrkjetypen. Det er ein tydeleg vilje hos alle respondentane til å vera opne og villa inkludera alle, og det synest å vera ein implisitt polemikk mot dei som måtte tenkja annleis. Likevel er det tydeleg at tematikken utfordrar.

Eg spør Frida kateket om korleis ho tenkjer om omvendingsforkynning, som ho sikkert har høyrte ein del av i bedehusland. Refleksjonane hennar omkring dette viser opposisjon mot oppvekstmiljøet.

Eg trur at me blir bevarte ved at me er døypte. Så viss me ikkje tek aktivt avstand frå dette, tenkjer eg at ein er bevart. [...] Ja, slik forkynning om frelst – ikkje frelst tenkjer eg ikkje er så viktig i vår tid. Du har fått ei gåve frå Gud. Han elsker deg akkurat som du er. Ein får ein grunnleggjande tryggleik på at ein faktisk er Guds barn. [...] At nokon skal kjenna seg innanfor og nokon skal kjenna seg utanfor, det provoserer meg. Eg tenkjer at det ikkje er lett for folk å seia kven som er innanfor og kven som er utanfor. [...] Me har forskjellig språk, for av ein eller annan grunn har me ikkje kome innanfor, fordi nokon har stengt dei dørene umedvite. Så eg er litt opptatt av å opna dei dørene for alle.

Dåpen som ei vedvarande gåve blir her understreka, og Frida blir provosert av tale om innanfor – utanfor og frelst – ikkje frelst. Ho ønskjer at kyrkja skal vera open for alle.

Presten i same kyrkjelyden, Fredrik, seier rett ut at dei er i eit område med folk som «er svært sterkt truande og som har meiningar om kor sterk den trua er som frelser». Han spør retorisk kven det er som skal gradera styrken på trua. Hans fokus er å forkynna til tru, men «dåpen verkar fordi ein er døypt og dåpens gåve, som er nåden og trua, den er der heile vegen.

Den kan du på ein måte seia ifrå deg, men eg tenkjer at ein skal forkynna til tru». Det viktigaste for Fredrik er Guds kjærleik og Guds glede i sine barn:

I Jesu dåp, då Jesus kom opp av vatnet, hørde han faren si stemme som sa: 'Du er sonen min, den eg elsker. I deg har eg mi glede.' Og eg tenkjer at i dåpen blir desse orda verkelege for oss: 'Du er sonen min/dotter mi, den eg elsker. I deg har eg mi glede.' Det seier noko om Guds syn på oss menneske.

Selma er kateket i den andre bedehuskyrkjetypen og har sjølv vakse opp i det ho kallar «bedehusland». På spørsmål om dåp og tru svarar ho at det fine med barnedåpen er at «me tenkjer at i kraft av dåpen er me Guds barn». Men så trekkjer ho inn Paulus som seier noko om å sanna med munnen:

Sanna med munnen og tru i hjartet sitt, så skal ein bli frelst. Eg tenkjer at det er begge deler, og då tenkjer eg at det er bibelsk å formidla det, men eg står nok ikkje på barrikadane for det som trusopplærar.

I: På barrikadane for kva?

Selma: For at ein skal sanna med munnen. Eg er opptatt av at me har ei fantastisk gåve i dåpen og at me kan få kvila i at me er Guds barn der.

Svein prest i same kyrkjelyden er opptatt av å bruka eit inkluderande språk.

Desse bedehusmiljøa har jo eit svært sterkt språk for ein del av desse tinga: synd, skuld, blod, kross og slike ting. Og eg kan nok ofte kjenna meg utfordra til å sjå på om det er nødvendig at eg aktivt leitar etter eit språk som eg vonar skal inkludera stort nok. At det ikkje blir for smalt. [...] Ikkje for det at eg er usamd i dette, men det handlar rett og slett om korleis ein kommuniserer [...] kva høyrer ein når ein seier noko? [...]

Eg kjenner at eg vik unna dette med fortapte, kven som går fortapt. Det er nok ei generell utfordring for meg. Men eg har sett det som mi oppgåve å få menneske til å løfta blikket og sjå.

Både Selma og Svein synest å stå i ei spenning mellom det dei oppfattar som ei «bibelsk» tenking om det å vera innanfor eller utanfor og det å inkludera breitt. Selma understrekar dåpsgåva og Svein legg vekt på det inkluderande språket. I begge tilfelle ser det ut som dei posisjonerer seg mot ei rådande oppfatning i den meir bedehusorienterte konteksten.

Mons kateket og Marit prest er i arbeidskyrkjetypen. Mons understrekar at det ikkje er hans sak å dømme folk inn og ut. Han vil ikkje gradera tru, men legg vekt på å få konfirmanthane til å forstå kva forankring er. Anten er dei forankra i Jesus, symbolisert ved det som skjedde i barnedåpen, og då har dei ein relasjon til Gud, eller så er dei det ikkje. Tru er å koma til Jesus. «Men det å gradera tru, mykje og lite tru i forhold til det å vera knytt saman med Jesus, det blir meiningslaust», tenkjer Mons. I refleksjonen over dei mange døypte som ikkje tek del i nattverden og dermed ikkje oppfyller dåpslovnaden, seier Marit at det er vanskeleg å vera kategorisk på kven som er innanfor. Likevel skal ein ikkje slutta å formidla og forkynna og forventast eit liv i dåpen, og vera tydeleg på at dåpslivet treng næring. Så snakkar ho om at

det er «stor variasjon i å definera seg inn og ut og på kva tru er». Dette tolkar eg slik at det er dei døypte som sjølv definerer seg og si tru, ikkje at prest og kateket definerer andre. Samstundes synest eg å sjå i utsegna at Marit er audmjuk i dette spørsmålet og ikkje gir seg ut for å kunna dømme andre.

Vegard er prest i folkekyrkjetypen. På det spissformulerte spørsmålet om det er mogleg å gå fortapt sjølv om ein er døypt, svarar Vegard at «[D]åpen er ikkje nokon garanti i seg sjølv; det er ingen automatikk i det». Vidare seier han:

Eg meiner nok framleis at ein skal ta imot den gáva Gud gir viss det går an å seia det så sterkt som det, men eg er ikkje ein prest som forkynner fortaping. Det trur eg ikkje først og fremst er fordi me er feige, for eg kunne ikkje ha forkynt fortaping med autoritet.

Eg: fordi?

Vegard: Fordi [pause] det er mange ting i forhold til [pause] det som eg kallar tru som eg ikkje har eit presist nok bilete på. [...] Viss me skal seia: 'Trua di strekk ikkje til.' Viss svingerfar min, som nå til dømes var 90 år, spør meg: 'Går eg fortapt?' Då ville eg sagt at det overlét eg til Gud og hans kjærleik. Hans nåde gjeld for alle. Så ville eg vona at det var ei evangelieforkynning som gjorde at han kunne klamra seg fast til det. Me eg ville aldri sagt: 'Kva trur du egentleg? Trur du nok? Er Jesus din personlege frelsar? Og slikt.' Det ville eg aldri ha sagt.

Me ser den same spenninga i tenkinga til Vegard som ovanfor hos Selma og Svein. Vegard ser ikkje dåpshandlinga som ein automatisk frelsegaranti, men er tydeleg på at hans oppgåve er å forkynna den gáva Gud har gitt i dåpen.

Selma brukar uttrykket Guds barn fleire gonger i samband med dåpen: «i kraft av dåpen er ein Guds barn», «i dåpen får me vera Guds barn». Når eg utfordrar henne på dette direkte og spør om det var i dåpen ho *blei* Guds barn, svarar ho:

Nei, eg tenkjer eg har vore det sidan eg var inne i magen til mi mamma. Men eg tenkjer det [dåpen] er ei stadfesting der foreldra mine kunne leggja meg fram for Jesus, [...] og det er ei stadfesting på at det har du vore heile tida.

Selma seier at ho veit at dåpsliturgien tenkjer litt annleis om dette, men ho står på at ho trur at barnet i mors liv er eit «fullverdig menneske, og viss barnet dør før det blir døypt, er det likevel fullverdig». Ho ønskjer at kyrkja «skal vera meir vaken for dei som har valt å ikkje døypa barnet sitt, eller dei som mistar det før dei får døypt barnet sitt, at det er like viktig». Frida synest å vera samd med Selma i at dåpen ikkje gjer barnet til Guds barn: «for eg tenkjer at denne vesle babyen er Guds barn før det er døypt òg, men [...] du blir på ein måte i lag med han, Jesus og treeininga i og med at du blir døypt.» Både Selma og Frida er kateketar i bedehuskyrkjelydstypen. Er det derfor dei begge understrekar at barnet er Guds barn frå mors liv? Det ville i så fall samsvara med ein trend i denne kyrkjelydstypen om at dåpen er mindre viktig enn ei bevisst avgjerd og tru på eit seinare stadium (Hegstad, 2008:76). Kanskje er det heller slik at tidlegare erfaringar i livet har ført til dette standpunktet. I intervjuet blei ikkje alternative forståingar av omgrepet «Guds barn» tematisert: Tyder det å vera skapt og elska av Gud eller tyder det å ha del i den kristne fellesskapen? (Søvik, 2017)

Dåp i spenninga mellom folkekyrkje og kyrkjelydskjerne

Kva betyr det for arbeidet med dåpen at Den norske kyrkja er ei folkekyrkje? Det synest å vera ei spenning hos respondentane mellom folkekyrkjedelen av medlemmane og dei som meir regelmessig tek del i gudstenester og andre aktivitetar i kyrkjeleg regi, her kalla kyrkjelydskjernen.¹⁰

Svein prest er den som tydelegast synest å operera med skiljet mellom folkekyrkjedelen av medlemmane og kyrkjelydskjernen:

Så kanskje det er viktig for meg, [...] eg kjenner på at eg har 7200 som eg skal vera prest for. Eg er ikkje for dei 100, 250 som vil kunne reknast som kjernen. Det er 250. Det er dei eg formanar heile tida til å hugsa på dei 7200. Det er heile jobben min.

Han ønskjer å synleggjera at dåpsfamilien verkeleg er ein del av kyrkjelyden.

Dei blir døypte inn i Kristi kropp. Og dei som då blir døypte, dei aller, aller fleste kjenner jo ikkje på nokon måte at dei tilhøyrer dette. Det vil ikkje nødvendigvis seia at dei ikkje trur at Gud finst. Men det jo så vilt framandt.

Her meiner Svein at måten ein kommuniserer med dåpsfamiliane på har mykje å seia:

Det er sterkt når eg seier [til dåpsfamiliane] at dette rommet tilhøyrer dykk. For det blir definert som *dei der* sitt rom. Igjen så er det dét at me gjer det litt smalare. Me kodar det. [...] Viss me skal vera kyrkja for ein ny generasjon, så er det min hjartans tanke at me må snakka om det inkluderande språket. Det inkluderande, det at det er alle sitt. Altså: den viktigaste åndskampen for meg, det er den største gleda og sigeren.

Sjølv om Svein ser ut til å operera med eit skilje mellom dei som meir eller som mindre tek del i gudstenester og andre kyrkjelege aktivitetar, ser han det som maktpåleggjande å inkludera dåpsfamiliane i den kyrkjelege fellesskapen. Det at han brukar eit ord som «åndskamp» seier nok noko om bakgrunnen hans, men er samstundes ei svært sterk understreking av kor viktig han ser denne inkluderinga.

Oscar prest forstår kyrkjelyden som dei omlag 10 000 medlemmane som bur i soknet og ikkje dei omlag 150 som i snitt kjem på gudsteneste. Han er oppteken av korleis dei tilsette skal ta kontakt med folkekyrkjedelen av kyrkjelyden, dei som ikkje går på alfakurs, er med i bibelgruppe, eller er det han kallar «kjernetroppene».

Dei som verken er i kyrkje, organisasjon eller bedehus. 'Eg kjem gjerne til kyrkja om du gir meg ein grunn. Eg har ikkje noko imot å vera der; eg er berre ikkje van med det.' Skal dei få ei dåpsutfordring?

Oscar seier dette i samband med mitt opne spørsmål i slutten av intervjuet om det er noko han vil føya til det me har snakka om. Då svarar han at me ikkje har snakka så mykje om «folkekyrkje, dåp og kjernekyrkjelyd». Med «dåpsutfordring» tenkjer han på korleis me i det jamne

¹⁰ Jf. til dette Hegstad sine refleksjonar om kyrkjelydsutvikling i ein folkekyrkjesituasjon i Hegstad, 2012:20-21.

kyrkjelege arbeidet vender oss til dei som ikkje kjem så ofte i kyrkja. Han meiner at måten kyrkja står fram på elles gjennom året har mykje å seia for dåpsarbeidet.

Nora prest i folkekyrkjetypen er opptatt av korleis dei skal byggja den kyrkjelege fellesskapen slik at dåpsforeldra vil koma tilbake til kyrkja etter dåpen, men ho opplever det vanskeleg:

Medlemmane våre blir ein form for støttemedlemskap. Me har tulla litt med det at viss du kjem og du kjenner at du er på nett: 'Eg er her for å bruka støttemedlemskapet mitt,' var det ein som sa. 'Har ikkje du støttemedlemskap?' Du er ikkje ute, men du gir nokre pengar, ja, støttemedlemskap. Det er så mange som seier: 'Uffa meg, den kjernekyrkjelyden.' Men eg saknar det. Eg saknar ei slik gruppe som seier: 'Me synest det er så viktig og bra; me skal vera med å byggja kyrkja. Me skal vera her, ikkje for å vera snille og greie, men fordi me synest det er så viktig å halda oppe bønna si teneste og formidla trua. Setja armar og føter og hjarte på trua.'

Nora sine utsegner rehabiliterer kyrkjelydskjernen. Dette har ho oppdaga fordi denne kjernen ikkje finst lengre der ho er prest. Ho opplever at det er vanskeleg å byggja eit fellesskap dei ikkje har, for kva skal dei då invitera dåpsfamiliane å koma tilbake til? Det er tydeleg at dette er eit dilemma for Nora, og ei stor utfordring i oppfølginga av dåpen.

Drøfting og samanfating

Det mest oppsiktsvekkande funnet i materialet er korleis årsrapportane frå bispedømmma er svært opptekne av dåpstal,¹¹ medan det empiriske materialet frå lokalkyrkjelydane så vidt nemner dette. Ennå meir påfallande blir funnet når ein ser korleis folkekyrkjelege perspektiv synest å ha stor oppslutning mellom respondentane (sjå nedanfor), og oppslutning om dåp er ein viktig indikator på det folkekyrkjelege. At dåpstal mest ikkje er nemnt av prestar og kateketar i lokalkyrkjelydane, kan tolkast slik at eit sterkt trykk på dette frå bispedømmet si side har vore vellukka. Det er blitt så innarbeidd i lokalkyrkjelyden at det ikkje eingong trengst å nemnast. Å trekkja slutningar frå ting som *ikkje* blir sagt, har mange moglege feilkjelder, men årsaker til at dåpsprosenten ikkje blir nemnt, kan vera at dette temaet er underforstått eller tatt for gitt. Eller kanskje var dåpstala framleis høge i kyrkjelydane der eg gjorde intervju? Kanskje har dei ikkje god nok statistikk, eller er dåpstala høge fordi mange som ikkje bur i soknet likevel døyper i «heim kyrkja»? Det kan vera at samtalen ikkje la nok opp til dette, sjølv om alle intervju i undersøkinga blei avslutta med eit ope spørsmål om det var andre ting dei ville føya til om dåp, som me ikkje hadde vore inne på til nå. Trass i moglege feilkjelder konstaterer eg likevel at det er påfallande lite om dåpstal i datamaterialet, og det peikar i retning av at andre utfordringar er meir presserande.

¹¹ Det må likevel seiast at årsrapportane, særleg frå Stavanger bispedømme, òg nemner andre ting enn dåpstal som viktige i samband med dåp: utvikling av dåpsarbeidet generelt, informasjonsarbeid, ønske om kartlegging av foreldra sine haldningar til dåp og kva dåpen tyder. Fokus er likevel gjennomgåande på dåpstal.

Den tolkinga eg meiner er mest nærliggjande ut frå analysen av materialet, er at prestar og kateketar faktisk er opptekne av andre ting i samband med dåpen enn dei leiande i bispedømmet er. Dette kan ha si grunngeving i den lokale konteksten, som tvingar fram merksemd på andre utfordringar. Døme på dette kan vera konsekvensane for dåpsforståinga av ei sterk vektlegging av innanfor-/utanforperspektivet, som finst i vekkingsprega område av be- dehuskyrkjetypen. Eit anna døme på korleis konteksten gir utfordringar i dåpsforståinga finn me i folkekyrkjetypen i materialet, der det ikkje lengre finst ein gudstenestefeirande kyrkjelydskjerne å invitera dåpsfamiliane til. Grunnen til at andre ting enn nedgang i dåpstal synest å vera meir utfordrande på lokalkyrkjelydsplanet, treng ikkje berre vera kontekstuelle; det kan òg botna i personlege tilhøve hos prestane og kateketane eg har intervjua. Dei har forskjellig oppvekst, utdannings- og erfaringsbakgrunn, noko som ser ut til å ha ført til ulikt kyrkjesynt og ulik strategisk tenking. Det kan koma til uttrykk i spenninga mellom å bruka tid og krefter på dei barna som berre er innom kyrkja på punktuelle tiltak, eller å ta seg av dei som ønskjer å fylgja opp dåpen ved å koma på kontinuerlege tiltak. Gjennomgåande legg respondentane vekt på det relasjonelle, anten det er i form av ei inkluderande mottaking av dåpsfamiliane, god forklaring på det praktiske rundt dåpen eller eit språk som kommuniserer med dei som ikkje er ein del av det ein kan kalla kyrkjelydskjernen.

Omgrepa folkekyrkje og kyrkjelydskjerne, slik dei er brukte av Jens-Petter Johnsen (Johnsen, 2015), kan vera nyttige for å forstå nokre av spenningane som synest å liggja under ulik vektlegging på bispedømmenivå og i lokalkyrkjelyden, men òg mellom respondentane.¹² Her synest det ikkje å vera klare grenseskilje, men heller ei forhandling mellom desse tradisjonane ut frå kontekst og person. Johnsen slår fast at det er «dekkende å si at Den norske kirke samtidig både er et trossamfunn og en folkekirke» (Johnsen, 2015:17). Men så går han vidare ved å peika på spenningane mellom den opne folkekyrkja som tenesteprodusent og kyrkjelydsfellesskapet som vedkjenningskyrkje. Som tenesteprodusent bevarer kyrkja sin relevans mellom folk ved å tilby menneske det dei spør etter, som livsriter, opplevingar og tryggleik. Som fellesskap blir gudstenestelivet med Bibel og vedkjenning gitt større rom. Kjenneteiknet på folkekyrkja er nettopp denne doble lojaliteten, mot sin eigen trustradisjon, og mot alle dei menneska som bur i soknet. Kyrkja må ha ein konstruktiv dialog med både eigne kyrkjelege tradisjonar og «den rådende folkereligiositeten», og begge desse to hovudlinjene må haldast saman, hevdar Johnsen.

Kjernemenigheten trenger å verdsette folkekirkens kontaktflate og ulike stemmer, erfaringer og trosuttrykk, som utfordring og berikelse. Den store del av medlemsmassen som sjelden går i kirken, trenger å anerkjenne betydningen av en trofast og stabil menighets- kjerne. For folkekirken vil ikke overleve uten det folk som lever nær troens kilder.
(Ibid.:18-19)

Ei open folkekyrkje gjer det mogleg for alle medlemmane å gjera bruk av den nåden dei fekk i dåpen. Målet er å vera ei kyrkje «i og for folket, en kirke som omfatter størstedelen av folket,

¹² Jf. ein litt annan debatt om folkekyrkje eller fellesskapskyrkje i Sverige, mellom Patrik Hagman og Mats Aldén/Johanna G. Lundberg (Hagman, 2014; Aldén & Lundberg, 2014).

og som ønsker å nå hele folket med nådemidlenes tilbud». Tilknytninga til folket er likevel ikkje kyrkja sin basis. Kyrkja sin identitet må alltid bestemmast ut frå tilknytninga til Jesus som kyrkja sin Herre og til forvaltninga av evangeliet i ord og sakrament (Ibid.: 18-20). Så langt Johnsen.

Høg dåpsprosent er viktig for å halda oppe kyrkja som folkekyrkje. Leiarane i bispedømme ser dette tydeleg og legg stor vekt på arbeidet for å motverka nedgang i dåpstal. Dei har alle medlemmane i sokna for auga og derfor fokuserer årsrapportane òg på god informasjon og kommunikasjon om dåpen. Når det i ein av årsrapportane blir halde fram at det er viktig å vektleggja kva dåpen betyr, skjer det gjennom å understreka at kyrkja er open og dåpen er viktig. Den opne kyrkja er eit sentralt kjennemerke ved kyrkja som folkekyrkje, slik Johnsen skildrar denne, ennå eit peik mot mest fokus på folkekyrkja på bispedømmenivået. Det er verd å merka seg at denne årsrapporten ikkje utdjupar kvifor dåpen er viktig. Betyr det indirekte å tona ned kyrkja si rolle som trusfellesskap? Andre ting som særmerker folkekyrkja i Johnsen si skildring er å vera tenesteproducent, i dette tilfellet å tilby dåp som livsrite, men òg dåp som nådemiddel. Vekta i folkekyrkjetenkinga ligg på å *tilby* dette til medlemmane. Viss ein skulle leggja til grunn ein «mistankens hermeneutikk» (Brown, 2012:116) kan ein spørja om vekta på dåpsprosent på bispedømmenivået har sin grunn i ei uro hos kyrkjelege leiarar for å missa status og privilegium som folkekyrkja gir. Like nærliggjande er det i dette å sjå eit ønske om å inkludera flest mogeleg og å gjera tilgjengeleg for alle medlemmane dei åndelege gåvene Gud tilbyr i si kyrkje (Johnsen, 2015:19).

Funna i materialet peikar i litt forskjellige retningar. Uro for manglande oppfølging av dåpen viser at for nokre er det ikkje tilstrekkeleg berre å tilby nåden. Dåpen må få konsekvensar i form av opplæring (Ole). Oppdraget er både å døypa og å læra, altså er oppfølginga viktig (Marit). Me finn òg i materialet ein direkte kritikk av ei einseitig fokusering på breidde-tenkinga i trusopplæringa, der det kontinuerlege barne- og ungdomsarbeidet ikkje blir talt med i statistikken (Vemund, Vegard). Alt dette peikar i retning av meir vekt på kyrkja som trusfellesskap.

Fokus på tryggleik og relasjon treng ikkje stå i motsetnad til merksemd på dåpsprosent, men vekta her ligg på sjølve møtet mellom menneske, den relasjonen som blir skapt gjennom dåpsarbeidet (Fredrik). Dette peikar mot den opne folkekyrkja, som må respektera og møta alle menneske i soknet på ein inkluderande måte. Samstundes peikar vekta på gode erfaringar og det å bli rørt i møte med kyrkja sine tradisjonar i retning av kyrkja som trusfellesskap.

Respondentane sine meiningar om eit skilje mellom innanfor og utanfor går nærast samstemt i retning av kyrkja som folkekyrkje. Kyrkja skal vera open: Alle skal inkluderast (Frida). Trua skal ikkje graderast (Mons). Dåpsgåva skal understrekast (Vegard). Språket skal inkludera alle (Svein). Likevel synest det her òg å vera ein del personlege spenningar som kjem fram som ei uro hos nokre av respondentane: Bibelen snakkar om å sanna med munnen, men det blir i praksis underkommunisert (Selma). Språkbruk skal opna opp slik at alle kan inkluderast, men det fører ikkje til at eigen teologi blir endra (Svein). Det går an å seia ifrå seg dåpsgåva, men Gud ser med glede på alle sine barn (Fredrik). Denne underliggjande uroa dreg i retning av kyrkja som vedkjenningskyrkje.

Det er interessant å merka at ønsket om kyrkja forstått som trusfellesskap er sterkast i den kyrkjelyden som er mest typisk folkekyrkje, der kyrkjelydskjernen har smuldra bort. «Kva skal me invitera dåpsfamiliane til?» spør Nora. Ho ønskjer seg ein kjernekyrkjelyd som vil feira gudsteneste, byggja kyrkja og trua og halda oppe bønna si teneste. Kanskje denne observasjonen viser det samtidige i desse to dimensjonane ved kyrkja og korleis kyrkja som folkekyrkje og trussamfunn er gjensidig avhengige av kvarandre?

Eit hovudfunn i artikkelen er diskrepansen mellom bispedømmenivå og lokalkyrkjelydsnivå når det gjeld kva dei er opptekne av i dåpsarbeidet. Medan årsrapportane frå bispedømme legg stor vekt på dåpstal, har prestar og kateketar mest fokus på oppfølging av dåpen, møte med dåpsfamiliane prega av tryggleik og relasjon, å femna alle gjennom praktisk tilrettelegging og inkluderande språk, og å vera kyrkje i spennet mellom folkekyrkje og kjernekyrkjelyd. Refleksjonen over funna synest òg å peika mot den doble lojaliteten prestar og kateketar viser til kyrkja både som folkekyrkje og trusfellesskap. Dette kjem forskjellig til uttrykk alt etter kyrkjelydskontekst og personlege faktorar knytte til ekklesiologi og strategiske val.

Det vil vera særleg interessant for vidare forskning å undersøkje hovudfunnet i denne artikkelen: Er det slik at ein på lokalkyrkjenivå er så lite opptekne av fallande dåpsprosent, trass i den sterke merksemda dette har frå sentralkyrkjeleg hald? Dei praktiske implikasjonane av funna i undersøkinga for bispedømmenivået er å vera opne for og møta mangfaldet i problemstillingar i dåpsarbeidet på lokalplanet. For dei som arbeider lokalt i kyrkja er det viktig å leggja til rette for gode samtalar om dei opplevde utfordringane i arbeidet med dåpen, samstundes som ein trekkjer inn fleire perspektiv på korleis ein strategisk kan leggja opp dåpsarbeidet vidare.

Litteratur

- Aldén, M., & Lundberg, J. G. (2014). Skapelsen som evangeliets forståelseshorisont. En ekklesiologisk erinran. *Svensk Teologisk Kvartalskrift* (3), 122-132.
- Brown, S. A. (2012). Hermeneutical Theory. I B. J. Miller-McLemore (red.), *The Wiley-Blackwell companion to practical theology* (pp. 112-122). Malden, Mass.: Wiley-Blackwell.
- Graff-Kallevåg, K. (2015). *The triune God and baptism: an analysis and discussion of the relationship between the Trinity and baptism in the theology of Robert W. Jenson and Catherine M. LaCugna*. Det teologiske menighetsfakultet, Oslo.
- Hagman, P. (2014). Tydlighet och öppenhet. Eller, varför de lutherska folkkyrkorna i Norden behöver en kombination av katolsk og anabaptistisk teologi för att möta framtiden. *Svensk Teologisk Kvartalskrift* (3), 102-110.
- Hammar, A. K. (2009). *Skapelsens mysterium, skapelsens sakrament: dopteologi i mötet mellan tradition och situation*. (22), Uppsala Universitet, Uppsala.
- Hegstad, H. (2008). Teologien i reformen. I O. Hauglin, H. Lorentzen, & S. D. Mogstad (red.), *Kunnskap, opplevelse og tilhørighet: evaluering av forsøksfasen i Den norske kirkes trosopplæringsreform* (pp. 73-91). Bergen: Fagbokforlaget.

- Hegstad, H. (2012). Menighetsutvikling i folkekirken. Grunnlag og formål. I E. Birkedal, H. Hegstad, & T. S. Lannem (red.), *Menighetsutvikling i folkekirken. Erfaringer og muligheter* (pp. 9-23). Oslo: Iko-forlaget.
- Hegstad, H. (2017). Dåpen som hendelse og prosess. *Teologisk Tidsskrift* (3).
- Hegstad, H., Aagedal, O., & Selbekk, A. S. (2008). *Når tro skal læres: sju fortellinger om lokal trosopplæring*. Trondheim: Tapir akademisk forlag.
- Høeg, I. M. (2008). "Velkommen til oss": *ritualisering av livets begynnelse*. (PhD), Det historisk-filosofiske fakultet, Universitetet i Bergen, Bergen.
- Høeg, I. M. (2011). Kjønn og folkelig dåpsteologi. *Din: tidsskrift for religion og kultur* (1), 65-78.
- Høeg, I. M., & Gresaker, A. K. (2015). *Når det rokkes ved tradisjon og tilhørighet: nedgang i oppslutning om dåp i Oslo bispedømme* (Vol. 2015:2). Oslo: KIFO, Institutt for kirke-, religions- og livssynsforskning.
- Johnsen, J. P. (2015). Gud vil ha folk! Folkekirke og trossamfunn i fremtidens norske kirke. I S. Dietrich, H. Elstad, B. Fagerli, & V. L. Hånes (red.), *Folkekirke nå* (pp. 12-20). Oslo: Verbum akademisk.
- Moe, I. K. (2016). *Jeg - skapt i Guds bilde og synder : en analyse og drøfting av menneskesynet i den norske kirkes dåpsliturgi*. (Master thesis), Det teologiske menighetsfakultet, Oslo.
- Norheim, B. E. H. (2012). Det som skjer i dåpen og det som skjer etter dåpen – Menneskesynet i dåpsliturgien (2011) og Plan for trusopplæring (2010) for Den norske kyrkja. *Teologisk Tidsskrift, 1* (04), 358-376.
- Nærheim, S. J. (2018, 0404). [Dåpsfokus frå bispedømmekontoret].
- Pedersen, C. B. (2018, 0304). [Dåpsfokus frå bispedømmekontoret].
- Rafoss, T. W. (2016). *Et religiøst landskap i endring: oppslutning om dåp på Østre Romerike* (Vol. 2016:2). Oslo: KIFO, Institutt for kirke-, religions- og livssynsforskning.
- Reimers, E. (1995). *Dopet som kult och kultur: bilder av dopet i dopsamtal och föräldraintervjuer*. (132 Doctoral thesis), Verbum, Stockholm.
- Salthe, A. (2012). *Glipper det for folkekirken? En undersøkelse av oppslutningen om dåp og konfirmasjon i tre menigheter i Den norske kirke sammenholdt med levekår og sosiale forhold*. (Master i praktisk teologi), Misjonshøgskolen, Stavanger.
- Søvik, A. O. (2017, 31. mars). Hvorfor døpe spedbarn? *Vårt Land*, s. 24.
- Tinderholt, S. (2013). *Dåp i dag: foreldres motivasjon og opplevelse av å bringe barn til dåp - en kvalitativ empirisk undersøkelse*. (Master), Det teologiske Menighetsfakultet, Oslo.
- Valen-Sendstad, J. (2013). *Er dåp en forutsetning for å delta i nattverden? En systematisk teologisk drøftelse av sammenhengen mellom dåp og nattverd*. (Master in theology), Det teologiske menighetsfakultet, Oslo.
- Vikre, M. S. T. (2017). *Et bidrag til en fadderteologi*. (Master thesis), Det teologiske menighetsfakultet, Oslo.
- Årsrapport 2016. (2016). Bergen bispedømme, Bergen.
- Årsrapport 2016. (2016). Stavanger bispedømme, Stavanger.
- Årsrapport 2017. (2017). Bergen bispedømme, Bergen.
- Årsrapport 2017. (2017). Stavanger bispedømme, Stavanger.

Hans Austnaberg (f. 1956) er professor i praktisk teologi ved VID vitenskapelige høgskole. Han har forska på eksorsisme og homiletikk i ei vekkingsrørsle på Madagaskar, knytt til den gassisk-lutherske kyrkja, der han òg har vore misjonsprest i 9 år. Han har vore høgskolelektor ved Høgskolen i Stavanger, kapellan i Time kommune og tilsett ved Misjonshøgskolen, seinare VID vitenskapelige høgskole, frå 2006. Austnaberg har leia fleire prosjekt i tilknytning til trusopplæringsrefoma i Den norske kyrkja og produsert bøker og artiklar i samband med dette. E-post: hans.austnaberg@vid.no.